

# Språk og leseglede

Her finn du råd om korleis du som forelder kan støtta barnet ditt i språkutviklinga!

Barn har meiningar, tankar og kjensler som dei vil formidla. Språk er også viktig i leik og læring og også for å utvikla vennskap.

Foreldra er både rollemodellar og støttespelarar i barnet si språklege utvikling.

Når du les bøker for barnet ditt, er det fint om du stoppar undervegs! Fortell litt med eigne ord, hopp gjerne over noko og snakk gjerne om bileta og illustrasjonane.

Repetisjon er supert!  
Den same, gamle boka kan lesast mange gonger!

## Mobil er bra...

...men ikkje når barnet ønskjer kontakt med deg. Då er det betre å leggja mobilen bort og bruka situasjonen til å svara på spørsmål, setja ord på ting og på handlingar, til samtale og til å fortelja. Og til å synga!


## Humor og tøys er bra!

Ord som rimer kan gjera barnet merksam på lydar og på at ord som er nesten like, likevel kan ha særskilte ulik meining. Og ord med tiss, fis og rompe gir ofte suksess!

## Hekt deg på barnet sitt val!

Er barnet ditt opptatt av traktorar, sjørøvarar, planetar eller dinosaurar? I så fall er det lurt å hekta seg på, både for å samtala og utvida ordforrådet, men også for å lesa saman. Ei lesestund på sengekanten gir minner for livet.

Har du prøvd e-bok? Her finn du mykje variert og aktuelt for barn!



## Lurer du på om barnet ditt har normal språkutvikling?


I så fall er ikkje det uvanlig. Mange foreldre bekymrar seg unødige. Men om du treng nokon å snakka med, kan du ta kontakt med barnehagen, helsestasjonen eller med PPT-kontoret i kommunen. Å venta for å sjå er ikkje alltid lurt.

## Biblioteket i Klepp er veldig bra!

Biblioteket på rådhuset er ope neste heile døgnet. Her kan du låna bøker før og etter handling og også seint på kvelden.

Utvalet av barnebøker er ganske så godt! Og her finst bøker på ulike språk.

Mange lørdagar arrangerer biblioteket aktivitets- og lesestunder for små barn. Det er berre å følja med på kommunen si nettside!



## Det er lurt å...

Snakka med barnet ditt under måltida, når de kler på dykk, når de ryddar...

Lytta når barnet ditt fortel

Undra seg saman: "Kvifor fell blada av treet om hausten?"

Grubla saman: "Er det lurt å...?"

Fortelja historier: "Har du høyrte om...?"

Synga saman

Setja ord på gjenstandar og det som skjer

Stilla spørsmål som inviterer til handling: "Kan du senda meg smøret?"

Snakka med barnet ditt dersom de spelar spel

Tøysa, tulla og bruka litt fanteri i regler, i rim og i rølsing med ord

Skap gode stunder og skap gjerne forventningar! Nå skal vi lesa noko som er skikkeleg kjekt!

Bruk stemma di til å skapa karakterane. Mimikk, ulike dialektar og litt utkledding er alltid kjekt!

Snakk med barnehagen om kva for bøker de for tida les i samlingsstund

Sjekk om du kan låna heim bøker i barnehagen som barnet ditt kjenner



KLEPP KOMMUNE

Tenestoområde barn og unge